

Herleg første møte med korpsmusikken.

29.03.2016



Prøveblåsinga er i gang!

Optimismen har ofte rådd når det har vorte skrive om Uskedal skulemusikk dei siste åra. Med god grunn! I kveld opplevde vi eit høgdepunkt i så måte då styret inviterte nye aspirantar til prøveblåsing. Heile 10 blide born møtte opp for å prøva å få lyd i eit messinginstrument. Samtlege klarte det med både glans og glede!



Visedirigent Julie Skeie Olsen leia økta på ein flott måte!

Heile styret i skulemusikken var møtt opp saman med visedirigent Julie Skeie Olsen for å ta mot nye aspirantar med foreldre på skulekjøkkenet. Julie tok mot dei og introduserte dei ulike instrumentypane dei skulle få prøva. Det var baryton, althorn og kornett. Alt frå første stund var det trygg og god kontakt. Æra for det skal borna og flinke Julie dela.

Sjølv om dei 10 var spente og ivrige etter å koma i gang, var dei konsentrerte og lydhøye til det Julie fortalte. Då det endeleg var klart for prøveblåsing, vart både mykje av lyd og smil. Det eine fornøgde ansiktsuttrykket etter det andre lyste av stolthet frå borna etter kvart som dei merka at dei fekk god lyd i instrumenta. Dei hadde god grunn til det! Både Linnea, Norah, Anders, Maren, Sarune, Ewy, Mathilda, Torger Johan, Kristin og Deimante fekk flotte tonar ut frå instrumentet.

Etter at alle hadde spelt sine første messingtonar, var det klart for kos saman med korpsmedlemmene som då hadde pause i øvinga. Sjokoladekake og kjeks, frukt og anna grønt kom på bordet saman med både gul og raud saft. Kaffi var det også til dei vaksne. Stemningen blant dei som er musikarar, og dei som skal verta musikarar, var naturleg nok god rundt bordet. Foreldre, styret og dirigenter kunne stå på avstand og følgja den vakre stunda.



Alle fekk flott lyd i instrumentet.

Etter koseøkta på skulekjøkkenet bar det ut i hallen der korpset presenterte ein fin minikonsert. Samtidig fekk aspirantane stilla spørsmål slik at dei no er betre kjent med dirigenten Tor Skeie Olsen. No veit dei både kor gammal han er og kor han bur, at han har katt, men ikkje hund, og at det han er heiter dirigent. Kontakten var der, og Tor kunne fortelja at dersom alle no byrja i korpset, ville ein vera akkurat så mange som ein reknar som heilt perfekt i et slikt korps.

No er det berre å håpa at alle sender søknad til kulturskulen før 15.april. Då får dei ein kjekk lærar samtidig som dei byrjar på ein flott hobby som dei kan ha glede av heile livet. Skulle det vera nokon som hadde gløymt prøveblåsinga, kan dei stikka nedom på øvinga dei to neste tirsdagane. Då vil dei få prøva instrument!

Det har vore kjekt å følgja med på utviklinga i skulemusikken dei siste åra. Dette kan verta endå kjekkare!



Første prøveblåsarane er i gang!



Etter instrumentprøvinga var det kos saman med korpsmedlemmene.



Stunda vart avslutta med minikonsert spesielt for prøveblåsarane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland